

## Styremøte i Vats Grendautval

Onsdag 27. april 2011 i Vindafjordhallen kl.19.30

Desse møtte: Anne Nesheim Myhre, Kristin Ove Skare, Severin Fatland, Jon Olav Velde  
(Hilde Fadnes Hølland kunne ikkje møta, Åsmund Kalstveit var sjuk)

Under sak 1 møtte desse:

**Styret i Vindafjordhallen:** Kari Rødde, Åge Roald Aaserød, Svein Ove Gundersen

**Styret i nytt bedehus/kyrkjelydshus:** Sjur Inge Stødle, Per Egil Meling, Jostein Sørhus,  
Egil Leifsen, Randi Koltveit, Håkon Børre Koltveit

### Sak 1. Nytt bedehus/kyrkjelydshus ved kyrkja – orientering av styret for huset.

Leiar i styret for nytt bedehus/kyrkjelydshus i Vats, Sjur Inge Stødle, kontakta styret i Vindafjordhallen og styret i Vats Grendautval der han ynskte eit sammøte for å informera om planane om å byggja eit nytt felles bedehus/kyrkjelydshus for heile Vats. Dette såg Grendautvalet positivt på.

Sjur Inge orienterte om planane for det nye bedehuset/kyrkjelydshuset som er under planlegging. Det har tidlegare vore drøftingsmøte med Vindafjordhallen om ei samdrift / påbygg og om eit frittstående hus ved kyrkja.

Sjur Inge synte oss teikningar over desse to alternativa:

- a. Sambygg m/Vindafjordhallen – her var det teke med to ulike planløyser.
- b. Nytt frittstående bygg ved kyrkja.

Når det gjeld pkt. a om eit sambygg, så syner det seg svært vanskeleg å få til ei god og funksjonell løysing uansett kva alternativ ein ser på.

Ved pkt. b om eit frittstående bygg, la han fram teikningar over eit fint estetisk bygg - eit bygg med ei svært god gjennomtenkt planløyser for alle dei aktivitetane som dette huset er tiltenkt til. Ingen tvil om at dette bygget vil vera til stor glede og nytte for eit aktivt barne- og ungdomsarbeid m.m. for heile Vats.

Det springande punktet er økonomien og drifta av eit så stort bygg. Vil dette huset vera ein konkurrent til Vindafjordhallen sidan desse husa ligg så nær kvarandre? Det er tross alt same folket som skal bruka og drifta dette huset. Likevel - kanskje kan husa utfylla kvarandre og gi positive ringverknader rundt kyrkja og Vindafjordhallen?

Det som kom klart fram, var at alle såg positivt på å få samla alt barne- og ungdomsarbeid og møteaktivitet på ein stad i bygda – det vil også auka aktiviteten for Vindafjordhallen

Det vart ein god og sakleg drøfting og mange synspunkt kom fram – både for og mot eige frittstående hus. Takk for god informasjon om denne saka frå styret til bedehuset.

**Konklusjon:** Styret i Vindafjordhallen vil ha eit ekstra styremøte på denne saka og drøfta internt korleis dei ser på å få eit ”konkurrerende” hus så tett innpå seg – om dette frittstående huset vil få negative eller positive følger for Vindafjordhallen. Det er viktig å få dette avklart fordi grunneigaren av tomtearealet, Ingrid Ohm ynskjer ikkje å selja tomte til nytt frittstående bedehus ved kyrkja derom dette huset får negative følger for drifta av Vindafjordhallen.

### Sak 2. Dugnadsarbeid ved Vindafjordhallen onsdag 4. mai. Kl. 17.00

Partslaga i Vindafjordhallen er bedne om å stilla på dugnad denne dagen.

Grendautvalet stiller med Hilde Fadnes Holland og Jon Olav Velde.

### **Sak 3. Representant m/varamann til Representantskapet i Vindafjordhallen.**

#### **Desse vart valde:**

Representant: Jon Olav Velde

Vararepresentant: Anne Nesheim Myhre

### **Sak 4. Utsending til eit planleggingsmøte i Vindafjordhallen måndag 2. mai kl. 19.00.**

Saker som skal drøftast: økonomi, vedtektsendringar, aktivitetar på huset, dugnad og timeføring av dugnaden, kommunalt samarbeid m.m.

Jon Olav Velde møter på dette møtet.

### **Sak 5. Rydderutinar for "utearealet" i Vats før 17. mai kvart år.**

Korleis skal me få til gode rutinar for å gjera det reint og ryddig langs vegar, rundt i ulike byggefelt, ved skulen, ved Vindafjordhallen, ved Vindafjordtunet, rundt Knapphus, barnehagar m.m.?

Denne saka skal Grendautvalet sjå nærare på - her må mange lag og organisasjonar bli utfordra. Grendautvalet vil vera pådrivar og setja dette ut i system frå mai 2012.

### **Sak 6. Næringsplan for Vindafjord 2011 – 14.**

Høyringsutkastet til denne planen fekk Grendautvalet tilsendt like før påske med uttalefrist 9. mai.

Dessverre får me ikkje fått tid til å handsama denne før høyringsfristen går ut. Me får koma attende til denne ved eit seinare utkast.

### **Sak 7. Longåsdalshytta.**

Haugesund Turistforening ynskjer å "kvitta seg med" denne hytta – dei vil heller bruka tida til å drifta andre store hytter. Skjold Bygdalag med ei undergruppe har vore i dialog med turistforeningen om å overta denne hytta. Denne gruppa i Skjold har sagt seg interessert til å organisera og drifta Longåsdalshytta.

Det er ein del vedlikehald som nå må gjerast raskt – bl.a. ein lekkasje i taket.som krev ein del utgifter.

Det blir nå sendt inn ein søknad til VAF (Vindafjord Arbeidsgivar Forum) om å få midler til dette arbeidet.

Då ynskjer denne gruppa at både Vikebygd og Vats Grendautval saman med Skjold Bygdalag blir med i denne søknaden.

#### **Konklusjon:**

Styret i Vats Grendautval ser positivt på dette tiltaket. Longåsdalshytta ligg i eit fint turområde som mange kan få nytte og gleda av. Grendautvalet er svært glad for at ei gruppe i Skjold har teke på seg denne oppgava med å drifta og halda hytta vedlike i tida framover.

Øvre Vats 27. april 2011

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-